

## Møteinnkalling

## Kunstordninga

Møtetid: 15.11.2022 kl: 13:30  
Møtestad: Kulturhuset, møterom Tresmyro

Medlemmer som ikkje kan møta, må melda frå på tlf. 53 49 66 00 eller e-post:  
[post@stord.kommune.no](mailto:post@stord.kommune.no)

Oppgje grunn til forfall.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale

Marit Tislevoll Odland  
Styreleiar

Ragnhild Tveit  
Kulturrådgjevar

## **Saker til handsaming**

Saksnr.	Tittel
GK 7/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
GK 8/22	Godkjenning av møteprotokoll for kunstordninga 29.06.2022
PS 7/22	Kunstprosjekt til Sævarhagen - ekstraløyving
PS 8/22	Budsjett 2023
RS 6/22	Ymse

**GK 7/22 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**GK 8/22 Godkjenning av møteprotokoll for kunstordninga 29.06.2022**

## **Møteprotokoll**

### **Styret i Stord kommune si kunstordning**

Møtedato: 29.06.2022 kl. 10:00-11:00

Møtestad: Kulturhuset - Tresmyro

Møteleiar: Marit Tislevoll Odland

Medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Varamedlem for
Marit Tislevoll Odland	Leiar	AP	
Reinert Svanberg	Nestleiar	FRP	
Mai Britt Hellesund	Medlem	H	Ingrid Jahn Jordåen SP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Siren Eldøy Hinderaker	Personal- og organisasjonssjef
Ragnhild Tveit	Kulturrådgjevar

Merknad i møtet:

Styret ynskjer det vert protokollført at dei kjøper inn eit verk av Lars Slettebø frå Sommarrevyen

Stord 29.06.2022

Ragnhild Tveit  
Kulturrådgjevar

## **Saker til handsaming**

Saksnr	Tittel
GK 5/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
GK 6/22	Godkjenning av møteprotokoll for kunstordninga 26.04.2022
OS 3/22	Orientering om budsjettprosess ved kulturrådgjevar
PS 6/22	Kunstplan Nysæter ungdomsskule
RS 5/22	Ymse

### **GK 5/22 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### **GK 6/22 Godkjenning av møteprotokoll for kunstordninga 26.04.2022**

Møteprotokoll frå møtet 26.04.2022 vart samrøystes godkjent, med merknad som kom fram i møtet.

### **OS 3/22 Orientering om budsjettprosess ved kulturrådgjevar**

Orientering om budsjettprosess, ved kulturrådgjevar Ragnhild Tveit.

### **PS 6/22 Kunstplan Nysæter ungdomsskule**

#### **Røysting:**

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Styret for Stord kommune si kunstordning vedtek kunstplan for Nysæter ungdomsskule slik han ligg føre.

### **RS 5/22 Ymse**

Styret drøfta innkjøp til samlinga.

Arkivref: 2022/1910 - 34867/2022  
Saksh.: Ragnhild Tveit

Saksnr  
7/22

Utval  
Styre i Stord kommune si kunstordning

Møtedato  
15.11.2022

## **Kunstprosjekt til Sævarhagen - ekstraløyving**

### **Framlegg til vedtak:**

Styret for kunstordninga utvidar ramma for Kunstprosjektet i Sævarhagen med kr 200 000.

Total løyving frå Kunstordninga blir kr 605 000, totalt budsjett for kunstprosjektet blir kr 1 005 000.

**Rådmannen, 08.11.2022**

### **Innleiing**

I 2021 vart det løyvd kr 405 000 frå Kunstordninga (tidlegare utsmykkingsfondet) til eit kunstprosjekt i samband med barne- og avlastingsbustadar i Sævarhagen. Ein ser no at det er trong for å utvida budsjetttramma til prosjektet.

### **Saksutgreiing**

Kunstkomiteen har valt å engasjera kunstnar Gunn Harbitz til å utføra utsmykkinga. Det viser seg at det vil bli meir kostnader knytt til tilrettelegginga enn fyrst antatt. Kunstkomiteen sitt budsjett tok ikkje høgd for alle anleggskostnader knytt til dekke rundt skulpturen, reinsing av fjell og anna tilrettelegging, då ein gjekk ut frå at dette vart inkludert i byggeprosjektet. Det er ikkje rom for denne kostnaden i byggeprosjektet.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at ramma for kunstprosjektet i Sævarhagen blir utvida med kr 200 000. Total løyving frå Kunstordninga blir kr 605 000. Inkludert tilskot frå KORO blir totalbudsjettet for kunstprosjektet 1 005 000.

Arkivref: 2022/1910 - 18749/2022  
Saksh.: Ragnhild Tveit

Saksnr  
8/22

Utval  
Styre i Stord kommune si kunstordning

Møtedato  
15.11.2022

## **BUDSJETT 2023**

### **Framlegg til vedtak:**

Styret for Stord kommune si kunstordning vedtek følgjande:

**Rådmannen, 08.11.2022**

### **Innleiing**

Reglementet for Stord kommune si kunstordning gjev at styret for ordninga skal utarbeida årleg budsjett.

### **Saksutgreiing**

Per dags dato er budsjettet for kunstordninga på kr 6,01 million. Dette inkluderer investeringsmidlane som vart vidareført frå 2021 til 2022, kommunestyresak 24/2022, og restmidlane som står på fond.

Av desse midlane er det sett av kr 3,62 million til fire kunstprosjekt som er under arbeid, vedtatt i 2020, og til innkjøp av enkeltverk til kunstsamlinga, vedtatt i 2021. Administrasjon av kunstordninga, årleg kr 78 000, blir dekkja av denne avsetninga.

Det tydar at det er kr 2 384 000 som ikkje er bunde.

Aktuelle investeringar kan vera

- Langeland skule, baskethall
- Ny ljøssetting av Storddøra: Prisantydning kr 120 000
- Enkeltverk til den kommunale kunstsamlinga kr 100 000

### **Tilråding**

Styret for kunstordninga står fritt til å disponere dei tilgjengelege midlane innanfor dei rammene som reglementet gjev.



**RS 6/22 Ymse**